



Servicebyggjet på Børnes tar form. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Arbeidet med kloakkreinseanlegga på Børnes og Korsnes går sin gang så å seia etter planen og no er servicebygga snart klare. Dei står oppå slamavskiljarane og har fleire funksjonar.



Servicebygget på Korsnes tar form. (Foto: Ola Matti Mathisen)

I tillegg til vanlege servicefunksjonar som vatn og vask skal det også vera eit filter for luftreinsing. Normalt skal ikkje dette behøva å tre i funksjon anna enn ein gong i året då tøminga av slamavskiljarane under skal skje, understrekar prosjektleiar Ivar Kåre Døssland.

- Det er praktisk med eit slikt servicebygg også med tanke på ymse målingar som vi kan bli pålagde, seier Døssland.

Ellers vil truleg byggjesteget nummer to med pumpestasjonar og overføringsleidningar til Børnes frå dei sentrale delar av Uskedalen bli lyst ut like over påske.

Det er Byggeservice på Sandvoll som har hatt entreprisa for det første byggjesteget.

Av Ola Matti Mathisen